

«Utviklingsprogram for byregioner» – fase 2

PROSJEKTPLAN



«FOR EIGEN MASKIN»

**VIDARE SAMHANDLING OG SAMSPEL
I HALLINGDAL**



Innholdsliste

1	Innleiing	3
2	Grunnlaget for ein regional søknad frå Hallingdal	3
3	Funn frå samfunnsanalyse, samspel i regionen og val av tema	4
3.1	Hovudfunn	4
3.2	Samfunnsanalysen syner ei felles plattform, men samtidig ulike meiningar knytt til vidare utvikling av Hallingdal.....	6
4	Fase 2.....	7
4.1	Mål.....	7
4.2	Innsatsområde, mål og aktivitetar	9
4.2.1	Funksjonell arbeidsdeling som vekststrategi	9
4.2.2	Legge til rette for nytt næringsliv som kan tiltrekke seg yngre med høgare utdanning og fagbrev	10
4.2.3	Tilby høgare relevant utdanning lokalt	11
4.2.4	Utnytting av betra transportårer til Hallingdal med Ringeriksbanen og ny E16 Sandvika – Hønefoss.....	12
4.2.5	Utvikle eit samspel med Hallingdal 2020 i forhold til m.a. attraktivitet og rekruttering	12
5	Aktivitetar, milepælar.....	13
6	Risikovurdering og handtering av prosjektet	15
7	Prosjektorganisering.....	16
8	Økonomi	17
8.1	Kostnadsoversikt	17
9	Resultat og effektar	18
9.1	Resultat.....	18
9.2	Effektar.....	18

1 Innleiing

Hemsedal kommune søker saman med kommunane Flå, Nes, Gol, Ål og Hol tilskot til å utvikle strategiar og setja i verk aktivitetar og tiltak for å møte utfordringar som m.a. er avdekka gjennom den heilskaplege samfunnsanalysa i fase 1 av byregionprogrammet. Regionrådet for Hallingdal¹ skal ha prosjektansvaret for utviklingsprogrammet, der Regionrådet er styringsgruppe.

Hallingdal omfattar 6 kommunar utan ei tydeleg sterk kommune eller bysenter som naturleg tek rollen som regionsenter. Drammen ligg for langt unna store delar av Hallingdal til å kunne bidra med sin vekstkraft. Tilsvarende avstandar er det til Kongsberg og kunnskaps- og teknologiklynnga som ligger her. Hallingdal må derfor i stor grad klare seg sjølv og skapa vekst innanfor eigen region. Regionen sine mogelegheiter og utfordringar er sterkt knytt opp mot dette faktum.

Regionen skal sjå spesielt på strategiar knytta til utvikling av eksisterande og nye type arbeidsplassar, som er lønsame og attraktive for yngre menneske, med høgare utdanning og fagutdanning. Fase 2 av byregionprogrammet skal utvikle meir kunnskap om korleis desse felles utfordringane kan løysast gjennom samarbeid og i fellesskap, og med konkrete tiltak.

Sidan alle kommunane i Hallingdal har mykje av dei same utfordringane kan det vera spesielt utfordrande å våge at andre bli gode og det å dedikere oppgåver og aktivitet til andre kommunar, som ein sjølv kunne vore vertskap for. Felles utfordringar kan løysast gjennom samhandling og det å ta heile regionen i bruk. Eit samarbeid er evne til å prioritere tiltak lokalt som er med på å løyse eller betre regionen i ein heilskap. Det å utvikle felles strategiar som ser heile regionen under eitt, samt å setja i verk nødvendige tiltak for å sikre økonomiske bærekraftig vekst i heile regionen vil vera ein viktig del av fase 2.

2 Grunnlaget for ein regional søknad frå Hallingdal

Felles utfordringar i regionen gir tema for samarbeid inn i fase 2 av byregionprosjektet. Den felles prioriterte utfordringa som regionen står overfor er tett knytt opp mot at Hallingdal i stor grad må skapa sin eigen vekst. Lange avstandar og Hallingdal som ein noko isolert bu- og arbeidsmarknadsregion fører til at regionen må vidareutvikle seg som ein eigen bu- og arbeidsmarknadsregion, m.a. gjennom å trekke på dei ressursane som allereie finns i regionen. Situasjonen i dag gjer at mogelegheitene til vekst fyrst og fremst er avgrensa gjennom jobbmarknaden. Den største trusselen er at Hallingdal stagnera eller forvitrar. Fråflytting, avgrensa vekstkraft innan nye og alternative arbeidsplassar og det å sikre nok framtidig arbeidskraft er tema regionen arbeidar aktivt med i prosessen.

Felles utfordringar kan løysast gjennom samhandling og det å ta heile regionen i bruk. Eit sentralt spørsmål i dette prosjektet er derfor korleis Hallingdal som bu- og arbeidsmarknadsregion kan oppretthalde og auke sin attraktivitet for bedriftsetableringar og arbeidstakarar.

Det at det ikkje er eit sterkt regionsenter i Hallingdal er sett på i fase 1 av prosjektet. Betydinga av ein tydeleg fleirkjernestruktur eller om det å bygge opp eit sterkare regionsenter på Gol er vegen å gå vart sett på, utan at det vart konkludert.

¹ Politisk samarbeidsorgan for dei 6 kommunane i Hallingdal, etablert 1952

3 Funn frå samfunnsanalyse, samspel i regionen og val av tema


3.1 Hovudfunn

Samfunnsanalysen peika på fleire forhold som er viktig grunnlag for det vidare arbeidet i fase 2. Hovudkonklusjonane i Menon si samfunnsanalyse «FOR EGEN MASKIN», dannar grunnlaget for arbeidet i fase 2.

Hallingdal må i stor grad klare seg sjølv og skapa vekst innanfor eigen region.

Samfunnsanalysen synte at den økonomiske veksten i Hallingdal har stagnert. Sjølv om Hallingdal har vore prega av vekst i næringslivet dei siste ti åra ser veksten nå ut til å ha stagnert eller stabilisert seg. Frå 2004 til 2008 auka verdiskapinga i Hallingdal med 28 prosent. Frå 2008 til 2013 auka den med fem prosent. Kommunane sitt bidrag til regionen si verdiskaping synes stabilt over tid og samsvarar med talet på innbyggjarar.


Verdiskaping i privat næringsliv i millionar NOK i Hallingdal 2004-2013. Kjelde: Menon (2015)



Bedrifter peika på mangfaldet som ligg i seks ulike kommunar som ei felles styrke i Hallingdal. Dei hadde tru på ei framtidig utvikling av Hallingdal der dei ulike kommunane fekk ei tydelegare arbeidsdeling, slik at dei ikkje gjekk kvarandre i næringa, men med meir ulike og definerte markadar for kvar kommune.


Fire næringar driv utviklinga i Hallingdal, men dette er til dels næringar med låg produktivitet. Det er spesielt fire næringar som dominera næringslivet i Hallingdal. Kort veg til Austlandet og Vestlandet, samt ein veksande heimemarknad gjennom m.a. hyttemarknaden gjer at bedrifter har tilgang til eit breitt kundegrnlag og kan veksle mellom private og offentlege kundar. Bygg og anlegg er den næringa som har hatt sterkast vekst i perioden 2004 til 2013. Dette skuldast delvis at nye bedrifter har etablert seg i perioden, men den viktigaste årsaka er vekst i allereie etablerte bedrifter. Fleire av dei største bedriftene har dobla si verdiskaping i perioden. Sidan 2004 har verdiskapinga i Hallingdal auka med 1,2 milliardar kroner, der ygg- og anleggsnæringa stod for 550 millionar. Verdiskaping knytt til lokale tenester har gått noko ned i perioden.

Næringsfordelt verdiskaping i Hallingdal i 2004 og 2013 i millionar kroner (løpende priser). Kjelde: Menon/SSB



Ei næring sin produktivitet kan målast på ulike måtar, eksempelvis som verdiskaping per tilsett. Verdiskapinga gir eit godt bilde av den samfunnsmessige avkastninga på næringsverksemd. Ein region vil naturleg nok ynskje å tiltrekke seg næringar med høg verdiskaping. Kraftproduksjon og finans er dei to mest produktive næringane når ein nyttar dette målet. Dette skuldast at lønskostnadane er relativt høge i næringane, kombinert med at dei er svært kapitalintensive. I Hallingdal er det høge kraftinntekter, men næringa sysselsett få. Finans er ei relativt liten næring målt i verdiskaping. Den tredje mest produktive næringa i regionen er industri, med ei verdiskaping per sysselsatt på like under 800 000 kroner. Ser ein på dei to andre næringane med størst sysselsetting kjem bygg og anlegg og reiseliv ut litt under snittet med ei verdiskaping på respektivt 600 000 og 550 000 kroner per sysselsatt. Dei næringane som klart sysselset flest i regionen ligg i det låge siktet.

Næringsfordelt verdiskaping i Hallingdal i 2013 fordelt på EBITDA og lønnskostadar. Kjelde: Menon (2015)




Befolkninga i Hallingdal er godt vaksen og ei stor utflytting blir kompensert med innvandring

Over 50 prosent av innbygarane i Hallingdal er over 40 år. Det er vekst i dei øvre alderssegmenta i alle kommunane. Hemsedal og Flå er attraktive for unge vaksne i alderssegmentet 24-39 år. På kort sikt er Hemsedal og Gol befolkningsmotorar i Hallingdal med befolkningsvekst på 22 og 6 prosent i perioden frå 2004 til 2014. Det er til Gol, Hemsedal

og til dels Ål dei nye innbyggerane flytter. Med unntak av Hol er befolkningstala i dei andre kommunane svært stabil.

Det er netto innvandring som skaper veksten. For dei som flyttar innanlands verkar Hallingdal som mindre attraktiv. Dette mønsteret kan ha med næringsstrukturen å gjera. Medan reiselivsnæringa er ei attraktiv næring for svenskar, tiltrekkjer bygg og anleggsnæringa arbeidarar frå m.a. Aust-Europa. I 2014 var det innbyggerar frå 79 nasjonar i Hallingdal der 23 prosent var frå Polen og åtte prosent frå Sverige (av totalt 2 589 personar).

Nettoflytting Hallingdal. Kjelde: SSB/Panda/BFK



3.2 Samfunnsanalysen syner ei felles plattform, men samtidig ulike meiningar knytt til vidare utvikling av Hallingdal

Kommunane i Hallingdal har svært lang tradisjon i å tenkje interkommunalt og regionalt. Dette gjeld både for kommunal sektor, næringslivet og lag og organisasjonar. Det er innarbeidd ei forståing for kva interkommunalt og regionalt samarbeid inneber og krev. Hallingdal har ein felles identitet og kultur som er ein viktig føresetnad for at denne type samarbeid skal lykkast. Ser me på den formelle organiseringa av det interkommunale samarbeidet, kom dette i gang alt i 1952 gjennom etableringa av Samarbeidsnemnda for Hallingdal. Hallingdal var den fyrste regionen i landet som fekk sin regionplan, som vart vedteken av Miljøverndepartementet i 1973. Dagens samarbeid er svært omfattande både i forhold til det interkommunale samarbeidet og det er eit utstrakt regionalt samarbeid mellom det offentlege og næringslivet.

Samspelet i Hallingdal er godt. Gjennom Regionrådet for Hallingdal og Hallingtinget² har kommunane ein felles møteplass der saker som gjeld heile regionen blir drøfta. Samtidig gir kompleksiteten i prosjektet, med seks samarbeidande kommunar der alle må føle at dei får noko att ved på vera med, visse utfordringar for det vidare samarbeidet. Men dette har Hallingdal takla i fleire ti-år.

² Hallingtinget er det øvste organet og er 5 kommunestyremedlemmer frå kvar kommune, der den eine er ordføraren og dei 4 andre er medlemmer av formannskap eller leiarar av hovudutval/sektorutval. I tillegg har rådmennene møte, tale og forslagsrett.

Det er sterk semje i Hallingdal om at regionen må utviklast med utgangspunkt i styrkene og mogelegheitene som finns i kvar enkelt kommune. Lange avstandar gjer at tenester og tilbod må gjevast der folk bur og at ei for sterk sentralisering vil gi eit dårlegare tilbod. For å skapa vekst i heile dalen må kvar einskild kommune ta ansvar og bidra, gjennom ein såkalla fleirkjernestruktur.

Kommunane i Hallingdal er i mange samanhengar like. Kvar kommune har sentrum med kommunehus, handel og lokale tilbod. Sidan alle kommunane satsar på reiseliv er tilboda noko overdimensjonerte i forhold til eigne innbyggjarar, då det også er andre brukarar og kundar. Det er berekna at Hallingdal har ca.5,5 millionar gjestedøgn som fordelt over året tilsvara ca.15.000 ekstra innbyggjarar i Hallingdal. Frå enkelte er det uttrykt behov for å etablere eit tydelegare regionsenter. Spesielt bedrifter som vart intervjuva i fase 1 uttrykte behovet for at eit sentrum fikk ei meir urban utvikling. Dette for å stå fram som attraktiv for ein breiare del av befolkninga. Gol som regionsenter vart drøfta i fase 1, men det vart ikkje konkludert. Som ein del av fase 2 skal det klargjerast arbeidsdeling mellom kommunane og den einskilde kommune si rolle i eit samspel som kan gjera regionen sterkare.

Det er ikkje berre Hallingdal si interne organisering som vil vera med å prege utviklinga av Hallingdal. Utbygging av firefelts motorveg frå Sandvika til Hønefoss og realiseringa av Ringeriksbanen vil gi eit stort vekstpotensial for Hallingdal. Kva dette vil bety for utviklinga i heile Hallingdal må studerast nærare.

I Hallingdal er det ingen by, men seks mindre kommunar. Det er ikkje definert eit regionsenter, men kvar enkelt kommune bidreg i utvikling av heile dalen gjennom å ta ansvar for eigen og felles vekst. Det er ingen tvil om at den felles innsatsen bidreg til å oppretthalde attraktiviteten i dagens Hallingdal.

4 Fase 2

4.1 Mål

Det overordna og langsiktige målet for arbeidet med utviklinga av regionen er å skapa ein attraktiv og utviklingsorientert region. Alle delar av Hallingdal skal utvikles med attraktive tettstader, som er klar til å møte framtidens mogelegheiter og utfordringar.

Gjennom å ta heile Hallingdal i bruk kan kommunane saman utløyse og bygge opp om det potensialet som finns for økonomisk vekst og utvikling. I ein region som Hallingdal er samspelet mellom kommunane spesielt viktig då dette er eit viktig grunnlag for vekst.

Hallingdal sitt bidrag til måloppnåinga i Byregionprogrammet er å utvikle eksisterande og nye type arbeidsplassar, som er lønsame og attraktive for yngre menneske, med høgare utdanning og fagutdanning. På den måten skal verdiskapingspotensialet i regionen utløyast og økonomisk vekst skapast.


Dette er komplekse utfordringar som kan ha mange ulike tilnærmingar. Kompleksiteten i prosjektet, med seks samarbeidande kommunar, gir føringar for kva tiltak regionen kan arbeide vidare med. Sjølv om utfordringsbilde for Hallingdal kan vera nokså likt er kommunane ulike

og har egne utfordringar. Dette må det takast omsyn til, alle kommunane må ha ei oppfatning av at fase 2 gagnar eigen kommune. Gjennom å forstå korleis Hallingdal blir påverka av prosessar i og utanfor regionen skal det utviklast strategiar for å skape økonomisk vekst og sikre at alle bidreg i same retning.

Det er fem temaområder som skal prioriterast i fase 2. Innanfor kvart temaområde vil det leggst opp til eit eller fleire prosjekt. Tema er valt ut som følgje av funn frå samfunnsanalysen i fase 1. Tema er knytt opp mot å skapa ein attraktiv region for unge menneske med høgare utdanning eller fagbrev. Arbeidet må sjåast i samanheng med utvikling av felles strategiar i Hallingdal og revidering av Strategisk for Hallingdal. Det er lagt opp til deling og kunnskapsspreiing innanfor kvart av temaområda, der ei felles forståing av betydinga og arbeidet til dei enkelte kommunane er avgjerande for å drive heile regionen framover. For å lykkast vil auka samhandling og samspel vera ein heilt avgjerande faktor, som også må vidareutviklast.

Temaområda er:

1. Funksjonell arbeidsdeling som vekststrategi
 2. Vidare utvikling av ulike type veksthus, næringsklynger og interkommunalt samarbeid, basert på ein fleirkjernestruktur. For å skapa attraktive kompetansmiljø for yngre menneske, både med høgare utdanning og fagutdanning
 3. Tilby høgare relevant utdanning lokalt
 4. Ringverknadar/mogelegheiter med ny E16 til Hønefoss og Ringeriksbanen
 5. Utvikle eit samspel med Hallingdal 2020 i forhold til m.a. attraktivitet og rekruttering
- Kvart enkelt prosjekt har sine egne mål som bygger opp under hovudmålet. Desse er synleggjort i matrisa under.



Figur målmatrise

4.2 Innsatsområde, mål og aktivitetar

Prosjektplanen er organisert rundt dei fem temaområda som Hallingdal ynskjer å gå vidare med. Mål, milepæl og aktivitetar vil vera knytt til desse og organisert som ulike prosjekt med egne ressursar. Fordeling av ressursar på dei ulike temaområda er synleggjort under økonomi. Regionrådet for Hallingdal vil stå ansvarleg for planlegging, kunnskapsdeling og gjennomføring av prosjekta. Dette er nærare omtala under organisering.

4.2.1 Funksjonell arbeidsdeling som vekststrategi

I ein region som består av seks kommunar der vekst er ei målsetting i alle kommunane er det å få til ein funksjonell arbeidsdeling eit viktig verkemiddel. Temaet er sett på i samfunnsanalysen i fase 1, der det blir synleggjort at enkelte kommunar har teke eller er tildelt oppgåver. Eksempelvis statlege/fylkeskommunale arbeidsplassar på Gol og Hallingdal sjukestugu, kulturhus og media på Ål og Hemsedal og Hol som sterke reiselivsdestinasjonar.

Hallingdal har ein indre dynamikk som er positiv og som skal utviklast.

Effektar av dei val som er gjort synes i næringsstatistikken i samfunnsanalysen. Denne type arbeid tek tid og Hallingdal treng å arbeide vidare med å utvikle bærekraftige strategiar.

Sjølv om samfunnsanalysen viste nokre forskjellar innan næringslivssatsingar i kommunane er næringsssamansetting i hovudsak svært lik. Skal Hallingdal lykkast som region blir det peika på at kommunane må skilje seg frå kvarandre, både i næring og tilbod av arbeidsplasser, slik at nye innbyggjarane ser fleire moglegheiter. Spørsmål det skal jobbast vidare med er m.a. korleis den einskilde kommune si rolle i eit samspel kan gjera regionen sterkare. Korleis sikre ei bærekraftig funksjonell arbeidsdeling i regionen blir sentralt i arbeidet. Fokuset er vekst gjennom eit sterkt samspel og ei tydeleg arbeidsdeling.

Mål:

Få på plass ei funksjonell arbeidsdeling mellom kommunane i Hallingdal i ein fleirkjernestruktur med eller utan eit regionsenter.

Klargjera arbeidsdelinga mellom kommunane og den einskilde kommune si rolle i eit samspel som kan gjera regionen sterkare. Avdekke og dra fordelar av det unike i kvar kommune.

Aktivitetar:

Kvar enkelt kommune må finne si nisje og vurdere kva type arbeidsplasser og næringsliv som har størst vekstpotensial. Samfunnsanalysen gir god innsikt i næringslivet i Hallingdal og i den einskilde kommune. Det må skaffast meir kunnskap knytt til potensialet for utvikling av nytt næringsliv og arbeidsplasser på kommunenivå. Kva slags næringsliv manglar? Kva skal til for realisere nytt næringsliv? Kva slags næringsliv skal kvar enkelt kommune satse på?

I det vidare arbeidet skal det gjerast analyser og vurderingar av kommunane og alle sentra i regionen med sikte på funksjonell fordeling og utvikling i ein fleirkjernestruktur og/eller eit regionsenter. Ut frå dei vurderingar og konklusjonar som blir gjort skal det utarbeidast ein handlingsplan som blir retningsgjevande for det vidare arbeidet og det skal utviklast eit koordinert og meir slagkraftig næringsapparat. Dette er mykje av same tenkinga som var nedfelt i Regionplan for Hallingdal i 1973.

4.2.2 Legge til rette for nytt næringsliv som kan tiltrekke seg yngre med høgare utdanning og fagbrev

Samfunnsanalysen viser at innbyggjarar i Hallingdal med høgare utdanning reiser til Gol og Ål eller ut av dalen (Oslo) på arbeid. Den viser og at talet på jobbar i regionen som krev høgare utdanning er låg. Etterspørselen etter ufaglært arbeidskraft er stor, noko som ikkje er med på å gje ønska utvikling i regionen. For å auke attraktiviteten overfor unge med høgare utdanning eller næringsretta fagutdanning skal det satsast spesielt på å utvikle arbeidsplassar som krev høgare utdanning eller fagutdanning. Satsinga skal sjåast i samanheng med funksjonell arbeidsdeling som vekststrategi. Tilrettelegginga skal m.a. skje gjennom vidare utvikling av ulike type veksthus og næringsklynger.

Strategien samsvarar med Strategisk næringsplan for vekst og verdiskaping til Buskerud Fylkeskommune og Strategisk plan for Hallingdal.

Mål:

Gjennom ei bevisst satsing på utvikling av fagmiljø, næringsklynger, veksthus og utvalde næringar i kommunane, skal breidda i jobbtilbod aukast og moglegheitene til arbeid for dei med høgare utdanning og fagutdanning blir styrka. Det er eit mål å etablere fleire

arbeidsplasser innanfor næringer med høg verdiskaping. Det er og sit mål å samordne fagmiljø i kommunal sektor der det er føremålstenleg.

Aktivitetar:

Det skal synleggjerast kva type arbeidsplassar som finnes i den einskilde kommune som er attraktive for unge menneske med ambisjonar og utdanning. Det skal leggest fram oversikt med forslag til strategiar og tiltak som til no er nytta for å tiltrekke seg unge i ønska målgruppe. Det skal hentast inn kunnskap eksternt og blant bedriftene/kommunane om rekruttering av og behovet for denne typen arbeidskraft. Kvar einskild kommune skal i felles samling legge fram sine funn der temaet blir drøfta og problematisert.

Det skal utarbeidast erfaringsnotat som blir nytta i vidare arbeid og som inspirasjon. Dette kan delast med andre byregioner i programmet.

Gjennom bevisst satsing på utvikling av utvalte næringer i kvar kommune skal:

- Breidde i jobbtilbod aukast.
- Etablering av arbeidsplassar innanfor næringer med høg verdiskaping aukast.
- Vidare utvikling av ulike type veksthus og næringsklynger.
- Samordne fagmiljø i kommunal sektor der det er føremålstenleg.
- Synleggjering av arbeid til dei med fagbrev og høgare utdanning
- Målretta arbeid for etablering av statlege arbeidsplassar

4.2.3 Tilby høgare relevant utdanning lokalt

Å legge til rette for høgare relevant utdanning lokalt heng saman med førre punktet om å legge til rette for nytt næringsliv som kan tiltrekke seg yngre med høgare utdanning og fagbrev. Dette er vesentleg for næringslivet si verdiskaping og konkurransevne. Hallingdal er ein region utan permanent utdanningstilbod utover vidaregåande skule. Situasjonen i dag er at det er sporadiske tilbod om høgare utdanning innan t.d. helse, skule og økonomi.

Forsking syner at regionar som tilbyr høgare utdanning har lettare for å rekruttere då studentane tenderer til å søke arbeid i regionen etter avslutta utdanning. I eit næringsliv som blir stadig meir internasjonalisert, teknologisk avansert og dynamisk, spelar kunnskap ein stadig viktigare rolle for bedrifter si konkurransevne. Ein av dei store utfordringane i Hallingdal er å vera attraktiv for unge med høgare utdanning.

Det at det ikkje finns permanente relevante tilbod om høgare utdanning i regionen fører også til at unge hallingar må reise ut får å ta høgare utdanning. Dette gjer at ein for stor del ikkje kjem attende etter avslutta utdanning. Gjennom å legge til rette for betre tilbod med høgare utdanning lokalt vil mogelegheitene bli vesentleg betre både for yngre og dei som ynskjer tilleggsutdanning. Ei annan positiv effekt kan vera at høgskuletilbod kan tiltrekke seg nye type bedrifter som etterspør denne arbeidskrafta.

Arbeidet blir også sett i samanheng med Buskerud fylkeskommune sine pågåande planar for utvikling av eit utvida karrieresenter i Hallingdal.

Mål:

Det skal utviklast eit stabilt høgskulekonsept i Hallingdal, innan relevante studieretningar, som er tilpassa næringslivet og kommunane sine behov. Høgskuletilbod må utviklast i nært samarbeid med aktuelle høgskular.

Aktivitetar:

Relevante høgskuletilbod skal kartleggjast i forhold til næringsliv og kommunar og aktuelle samarbeidspartar skal avklarast. I løpet av prosjektperioden skal minst to relevante desentraliserte høgskuletilbod vera etablert.

4.2.4 Utnytting av betra transportårer til Hallingdal med Ringeriksbanen og ny E16 Sandvika – Hønefoss

Hallingdal vil få vesentleg betra rammevilkår ved bygging av Ringeriksbanen og ny E16 Sandvika – Hønefoss. Ringeriksbanen vil t.d. gje ei reisetid Oslo – Flå i overkant ein time og reisetid Oslo – Gol, godt under to timar. Ut frå Regjeringa og Stortinget sine ambisjonar vil byggstart skje i 2018/2019. I forhold til Hallingdal som ein noko isolert bu- og arbeidsmarknadsregion og Hallingdal som største reiselivsregionen i landet vil vesentleg betra kommunikasjon mot Oslo-området kunne få store konsekvensar. For Hallingdal er det viktig å vurdere moglegheiter og eventuelle utfordringar. Kva vil vesentleg redusert reisetid til sentral austlandsområde bety for utviklinga i Hallingdal? Korleis bør Hallingdal posisjonere seg for å møte veksten og legge til rette slik at effektane kan maksimerast. Vil vesentleg redusert reisetid kunne få konsekvensar for korleis Hallingdal bør organisera seg i framtida?

Mål:

Bygging av Ringeriksbanen og ny E16 Sandvika – Hønefoss skal ved bevisst satsing gje følgjande ringverknadar for Hallingdal:

- Fleire innbyggjarar
- Fleire attraktive arbeidsplassar for yngre menneske
- Auka verdiskaping i næringslivet
- Bedriftsetableringar

Aktivitetar:

Det skal gjennomførast ei scenarioanalyse av ringverknadar for Hallingdal innanfor busetting og næringsliv. Ringverknadar for den einskilde kommune skal synleggjerast.

Det skal etablerast eigne arbeidsgrupper med representantar frå næringsliv/reiseliv/off. som skal ha fokus på moglegheiter med nye samferdselsløysingar til Hallingdal.

4.2.5 Utvikle eit samspel med Hallingdal 2020 i forhold til m.a. attraktivitet og rekruttering

Hallingdal 2020 er eit regionalt utviklingstiltak i regi av Regionrådet for Hallingdal. Hallingdal 2020 skal vera med å vidareutvikle Hallingdal som ein bærekraftig bu- og arbeidsmarknadsregion, der det m.a. er eit mål å tydeleggjera og styrke Hallingdal sin posisjon, også som hovudferdselsåre og møteplass mellom Austlandet og Vestlandet. Hallingdal 2020 handlar mykje om å skapa ein regionkultur. Dette skal hjelpe til å jobbe spissa mot definerte målgrupper for å klare å tiltrekke unge menneske som vil bu og arbeide i regionen.

Hovudretningar i prosjektet er:

- Hallingdal tek ein posisjon – møteplassen mellom aust og vest
- Målgrupper i forhold til rekruttering:
 - o Ung Halling 15-25 år
 - o HytteHallingen
 - o Kvinne 28 år
- Verdier; ekta, leiken, fri og frisk

Mål:

Det skal vera eit tett samspel mellom Byregionprogrammet og Hallingdal 2020. Samspelet skal styrke profileringa av Hallingdal og Hallingdal 2020 skal vera ein resurs i forhold til m.a. arbeid mot definerte målgrupper.

Aktivitetar:

Det skal etablerast formalisert samarbeid mellom Byregionprogrammet og Hallingdal 2020. I forhold til fleire av innsatsområda skal Hallingdal 2020 vera ein ressurs.

5 Aktivitetar, milepælar

Prosjektet vil samordnast med revidering av Strategisk plan for Hallingdal og profileringssprosjektet Hallingdal2020. Ei liten utfordring vil vera kommunevalet og endringar i politisk leiing.

Aktivitetar

Hovudaktivitetar	2015	2016	2017
Prosjektleiing	—————	—————	—————
Møter, konferansar	- - - - -	- - - - -	- - - - -
Nasjonale samlingar	-	-	-
Funksjonell arbeidsdeling			
Analysar og vurderingar med sikte på funksjonell fordeling og utvikling i ein fleirkjernestruktur og/eller eit regionsenter.	—————		
Lokal/regional prosess		—————	
Handlingsplan		—————	
Vidareutvikling/nye arbeidsplassar			
Kunnskapsinnhenting		—————	
Lokal/regional prosess		—————	
Strateginotat			—————
Konkrete tiltak			- - - - -
Utvikle tilbod høgare utdanning			
Kartleggje relevante høgskuletilbod		—————	
Avklaring samarbeidspartar		- - - - -	
Etablering av høgskuletilbod			—————
Konsekvensar Ringeriksbanen og E16			
Scenarioanalyse ringverknadar for Hallingdal			—————
Ressursgruppe			- - - - -
Hallingdal2020			
Formalisert og kontinuerleg samarbeid	- - - - -	- - - - -	- - - - -

Milepælar

Styringsgruppemøter er avklart for 2015. Det er lagt opp til styringsgruppemøter annakvar måned i 2015 og 2016. Nasjonale samlingar for 2016 og 2017 er ikkje lagt inn i milepælsplan men det er føresett 2 samlingar pr. år.

Tid	Tema	Merknad
1.8.2015	Finansiering på plass	
28.8.2015	Styringsgruppemøte	
24.9.2015	Oppstartsseminar fase 2	Nasjonalt (Distriktssenteret)
Sept. 2015	Prosjektleiing etablert	
Okt. 2015	Oppstartsseminar	Regionalt
16.10.2015	Styringsgruppemøte	
Sept. 2015	Funksjonell arbeidsdeling	Engasjement konsulentfirma
30.10.2015	Hallingtinget	Formannskapa i dei 6 kommunane
18.12.2015	Styringsgruppemøte	
Mars 2016	Regional samling	
1.4.2016	Funksjonell arbeidsdeling	Lokal prosess avslutta
April 2016	Funksjonell arbeidsdeling	Vedtak Handlingsplan, Hallingtinget
1.4.2016	Oppstart «nye arbeidsplassar»	Kunnskapsinnhenting, prosess
1.4.2016	Utvikle tilbod høgare utdanning	Oppstart kartlegging, prosess
1.10.2016	«nye arbeidsplassar»	Utarbeiding strateginotat
Okt. 2016	Regional samling	
Nov. 2016	«nye arbeidsplassar»	Vedtak strateginotat, Hallingtinget
2017	«nye arbeidsplassar»	Konkrete tiltak
Januar 2017	Ringeriksbanen og E16	Scenarioanalyse
Vår 2017	Avklar høgskuletilbod	
April 2017	Drøfting, «etter prosjektperiode»	Hallingtinget
Mai 2017	Regional samling	
Haust 2017	Oppstart høgskuletilbod	
Okt. 2017	Handlingsplan etter prosjektperiode	Vedtak Hallingtinget
Des. 2017	Avslutning fase 2.	Sluttevaluering, rapportering

6 Risikovurdering og handtering av prosjektet


Fase 2 av byregionprogrammet går over tre år. Oppgåvene skal løysast innanfor den tida som står til rådighet av enkeltpersoner i regionrådet/kommunane. Finansieringa frå KMD er avhengig av midlar over statsbudsjettet. Sjølv om det er usikkerheitsmoment i prosjektet blir det av søkjar ikkje vurdert at det er knytt stor risiko til gjennomføring av oppsette prosjekt. Prosjekta søker løysning på sentrale utfordringa i den enkelt kommune og i Hallingdal som region. I tabellen under er dei viktigaste risikoelementa synleggjort med tilhøyrande tiltak.

Hending	Sannsynlegheit	Konsekvens	Tiltak
Prosjektleiari eller sentrale nøkkelpersonar sluttar eller blir sjuke	Liten	Liten	Dersom prosjektleiari sluttar er det rimeleg enkelt å erstatte denne. Kunnskapsoverføring mellom ny og avtroppande prosjektleiari. Ved at det er seks samarbeidande kommunar i prosjekter blir risikoen minimert dersom sentrale nøkkelpersonar sluttar. Ved at Regionrådet for Hallingdal har ansvaret for framdrifta i heile perioden er risikoen for at dette bremsar prosessen liten. Gjennom felles møter blir kunnskapen delt slik at denne er knytt opp mot prosjektet og ikkje mot enkeltpersonar.
Kommunane nedprioriterer prosjektet	Låg/middels	Middels	Det er lagt opp til at kommunane skal bidra inn i prosessen og i prosjekta. I periodar kan arbeidsmengda bli stor slik at kommunane må prioritere andre oppgåver. For å minimere denne risikoen er prosjekta spreidd godt utover. Det er også lagt inn tilstrekkeleg tid slik at det er rom for å prioritere andre oppgåver ved behov. Det at Regionrådet for Hallingdal sit med prosjektansvaret bidreg til at risikoen blir låg.
Politiske prosessar bremsar opp eller stansar prosjektet	Låg/middels	Høg	Ny politisk leiing kan føre til endra prioriteringar lokalt. Gjennom politisk forankra vedtak er framdrift i prosjektet sikra. Kommunar kan oppleve at prosjektet blir nedskalert eller ikkje prioritert. Dersom dette skjer overtek Regionrådet for Hallingdal ansvaret for å gjennomføre nødvendige analysar i kommunane.
Det blir ikkje løyvd fastsette midlar over statsbudsjettet	Låg/middels	Låg	Prosjektet er delvis finansiert med midlar frå byregionprogrammet. Endra politiske prioriteringar kan føre til at prosjektet ikkje får løyvd nok midlar over statsbudsjettet. Ved betydeleg reduksjon frå programmet kan kommunane nedskalere aktivitetane. Det er eigen driv frå Hallingdal si side slik at prosjektet vil finne ei rett retning ut frå dei midlane som står til disposisjon.

7 Prosjektorganisering

Hemsedal kommune i samarbeid med Regionrådet for Hallingdal skal ha prosjektansvaret for utviklingsprogrammet, der Regionrådet for Hallingdal er styringsgruppe.

Utviklingsprogrammet skal samordnast med revidering av Strategisk plan for Hallingdal.



8 Økonomi

8.1 Kostnadsoversikt

Kostnader

Aktivitet	2015	2016	2017	Sum
Felles kostnader				
Prosjektleiing hovudprosjekt	200.000	400.000	400.000	1.000.000
Møter, konferansar (lokalar, servering, innleiarar)	100.000	100.000	100.000	300.000
Reiser (deltaking nasjonale samlingar, studiebesøk)	50.000	150.000	150.000	350.000
Andre driftskostnader (kontor, tlf, m.m)	50.000	100.000	100.000	250.000
Sum	400.000	750.000	750.000	1.900.000
Funksjonell arbeidsdeling				
Analysar	600.000			600.000
Prosess fram mot handlingsplan		400.000	100.000	500.000
Handlingsplan			200.000	200.000
Sum	600.000	400.000	300.000	1.300.000
Vidareutvikling/nye arbeidsplassar				
Kunnskapsinnhenting	200.000			200.000
Analysar, strateginotat		550.000	150.000	700.000
Prosess		400.000	300.000	700.000
Sum	200.000	950.000	450.000	1.600.000
Tilby høgare relevant utdanning lokalt				
Kartlegging		100.000		100.000
Prosess		200.000	200.000	400.000
Etablering			400.000	400.000
Sum		500.000	400.000	900.000
Utnytte ringverknadar ved bygging av Ringeriksbanen og E16				
Scenarioanalyse ringverknadar for Hallingdal	100.000	100.000		200.000
Ressursgruppe		150.000	250.000	400.000
Hallingdal 2020				
Prosjektleiing	100.000	100.000	100.000	300.000
TOTAL SUM	1.400.000	2.950.000	2.250.000	6.600.000

Finansiering

Aktivitet	2015	2016	2017	Sum
Finansieringskjelder				
Byregionprogrammet	1.000.000	1.000.000	1.000.000	3.000.000
Regionrådet for Hallingdal	100.000	800.000	300.000	1.200.000
Kommunane i Hallingdal		350.000	250.000	600.000
Eigeninnsats	300.000	800.000	700.000	1.800.000
Total sum	1.400.000	2.950.000	2.250.000	6.600.000

9 Resultat og effektar

Ved vurdering av effektar av tiltak, er det vanleg å skilje mellom innsats/aktivitet, resultat og effekt. Ein innsats/aktivitet er ofte forventa å generere enkelte resultat på kort sikt og effektar på litt lengre sikt. Mogelegheitene å måle resultat vil ofte vera dårlegare til lengre ut i kjeda ein kjem. Det er også ei utfordring at til lenger vekk frå tiltaket ein kjem til vanskelegare blir det å måle effektane på ein truverdig måte.

9.1 Resultat

Forventa resultat av prosjektet er:

- Klargjort arbeidsdelinga mellom kommunane i Hallingdal i ein fleirkjernestruktur med eller utan eit regionsenter. Avklare den enskilde kommune si rolle i eit samspel som kan gjera regionen sterkare. Avdekke det unike i kvar kommune.
- Etablert ei funksjonell arbeidsdeling mellom kommunane i Hallingdal
- Utvikling av fagmiljø, næringsklynger, veksthus
- Utvikle eit koordinert og meir slagkraftig næringsapparat
- Samordne fagmiljø i kommunal sektor
- Etablering av stabile høgskuletilbod i Hallingdal, innan relevante studieretningar, som er tilpassa næringslivet og kommunane sine behov.
- Klargjering av mogelegheiter og ringverknadar for Hallingdal ved bygging av Ringeriksbanen og E16
- Styrka profilering av Hallingdal

Få på plass ei funksjonell arbeidsdeling mellom kommunane i Hallingdal i ein fleirkjernestruktur med eller utan eit regionsenter.

9.2 Effektar

Forventa effektar av prosjektet er m.a.:

- Større breidde i jobbtilbod
- Fleire arbeidsplasser i næringar som etterspør høgare utdanning/fagutdanning.
- Fleire attraktive arbeidsplassar for yngre menneske.
- Auka verdiskaping i næringslivet
- Bedriftsetableringar

Hallingdal 4.5.2015

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar
Regionrådet for Hallingdal